

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG MIDT-NORGE</b>		
<b>Møtested:</b>	Scandic Hell, Stjørdal	
<b>Dato/tid:</b>	5. november kl 11 □ 6. november 2019 kl 16.00	<b>Protokoll: 02/19</b>
<b>TIL STEDE:</b>		
<b>Arbeidsutvalg Midt-Norge:</b>	Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Bård Tore Berntsen og Sverre Tyldum.	
<b>Regionutvalg Midt-Norge:</b>	Kari Anne Sklett, Ivar Anton Svendsen, Johan Petter Bergin, Tilde Sæther, Sverre Tyldum, Tormod A. Bergum, Ole Joakim Ranheim, Geir Brede, Bjørn Eskil Håpnes, Signe L. Nordmeland, Grete Mari Sand, Ole Tessem, Ole Edvard Silderen, Marit Emelie Holmsberg, Anders Røflo, Ivar Wang, Mette Karlgård, Svein Inge Ydse, Jørgen Baumfelder, Mette Aatlo, Aasta Helland, Ragnar Valstad, Fridtjov Skjerve, Ingrun Sivertsen, Tor S. Dahlen, Geir Håvard Valstad, Odd Erik Rødde, Toril Ofstad Selboe, Rune Sunnset, Even Landrø, Per Magnus Borten Moe, Per Hindseth, Bård Tore Berntsen, Erik Kalstad, Lars Oddbjørn Størset, Olav Sterten, Egil Berdal, Torbjørn Flenstad, Per Georg Skansen, Ann Steen Dolmseth, Steinar Lium, Jan Vollan, Morten Stefan Berg, Jørgen Rønning, Ole Wegard Iversen, Tore Simonset, Trine Reinfjell Engdal, Tomas Øverås, Torill Farstad Vågen, Finn Roger Trodal, Lars Konrad Bolli og Jan Edvin Hoem.	
<b>Valgkomité Midt-Norge:</b>	Steinar Lium, Arnt Ove Løvås, Bjørnar Schei og Reidun Stølen (dag 1).	
<b>Andre:</b>	Jan Edvin Hoem (årsmøteutsending) og Sigurd Høyland (dag 2, sentral valgkomité).	
<b>Forfall:</b>	Kolbjørn Frøseth, Borgny Kjølstad Grande, Lars Harbækvold, Sigmund Johansen (vara Ivar Anton Svendsen møtte), Ingrid Hansen, Geir Joar Werstad (vara Johan Petter Bergin møtte), Kari-Anne Grandaunet Jensen, Tone Sklett (vara Tilde Sæther møtte), Marit Hoff (vara Ole Joakim Ranheim møtte), Arve Morten Sverkmo, Tore Rennan (vara Grete Mari Sand møtte), Line Torill Fjellheim (vara Ole Tessem møtte), Jon Inge Bragstad, Jonas Rekkebo (vara Aasta Helland møtte), Åge Grenne (vara Tor S. Dahlen møtte), Sverre Ronglan, Geir Arve Krogstad, Torleif Slåen (vara Rune Sunnset møtte), Arnt Håkon Fløttum, Eilif Peder Folstad, Inge Hårstad (vara Per Georg Skansen møtte), Kari Årvåg Goa, Jan Henrik Moen, Lars Arne Reitan, Jorunn Karin Kvernen, Rolf Kristian Blekken (vara Jan Edvin Hoem møtte), Jorunn Gunnerød (RU valgkomité) og Bente Bjerkeset Solenes (sentral valgkomité).	
<b>Konsernstyret:</b>	Trine Hasvang Vaag og Olav Håkon Ulfsnes	
<b>Administrasjon:</b>	Anne Marit Panengstuen (dag 1), Hans Thorn Wittussen (dag 1), Roy Albertsen, Silje Laugsand Pynten, Arnodd Kjenstadbakk, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo, Brit Våga, Ingrid Melkild (dag 2), Andreas Våge (dag 2), Harald Bjerkeset (dag 2) og Brit Kari Eidseflot Hauger	
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger	

Sak nr	Sak
<b>1</b>	<p><b>Konstituering av møtet</b> Lars Morten Rosmo ynskte velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b> <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b> <b>Ivar Wang og Trine Reinfjell Engdal vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteiar.</b></p>

2	<p><b>Regionutvalsleiar sin tale</b></p> <p>Lars Morten framheldt utfordringane med kommunikasjon, og behov for digitale verktøy. Diskusjon og meningsutveksling er viktig. Honnør til kretsutvala for innspel til høyringa «Effektiv og rasjonell samandling bonde i Nortura». Konstruktiv kritikk er alltid eit gode, men også gje ros og honnør for arbeidet som vert gjort. Ny teknologi må takast i bruk i heile verdikjeda. Må jobbe for marknadsadgang og attraktive produkt. Handelsavtalar utfordrar matproduksjonen vår. Vi er avhengige av Nortura, mottakspått og den norske modellen. Må tenke både kortsiktig og langsiktig lønsomheit i Nortura.</p>
8	<p><b>Orientering om styret sitt arbeid</b></p> <p>Trine Hasvang Vaag orienterte om at føremålet med arbeidet er å styrke Nortura si konkurransekraft og at Nortura er med i framtida. Strukturendringar i Nortura siste 10 åra, utvikling raudt kjøtt i daglegvare 2008 i 2017, mange endringar på gang, innføringa av SAP, sortimentsreduksjon, overgang frå bakk til papp, mogeleg retning for industristruktur og at forbetningsprogrammet verkar. Litt om sal og marknadsføring: Dynamikk og konkurransestruktur, mat- og samfunnstrendar, grensehandelen aukar i ein potensielt kjempestor marknad, og balansert sal utan å bygge uønska lager. Vidare om at 2019 har vore eit år med mykje motvind for kjøttbransjen. Stort potensial for å redusere klimabelastninga. Vi står framfor ein del viktige diskusjonar som vil medføre endringar som berører eigarane i både direkte og indirekte.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Lars Morten Rosmo, Mette Karlgård, Johan Kristian Daling, Odd Erik Rødde, Jørgen Baumfelder, Jørgen Rønning og Even Landrø.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kor stor andel av innsparingane har vi som eigarar stått for, og korleis er utviklinga?</li> <li>• Rema sel 2 for 1 på kjøttdeig, men pakkane var 300 g, og forferdeleg mykje plast.</li> <li>• Industristruktur: Fram til no forståing for at det er nødvendig. Som kyllingprodusent opplevd nedlegging for å redusere kostnaden til Prior. Ser no at det er ein kostnad å produsere langt unna anlegg. Korleis klarer vi å sikre at fellesskapet tek kostnaden med oss som ligg langt unna eit anlegg?</li> <li>• Ikkje sikker på om det løner seg å setje ned pris til produsent. Dei største storfeprodusentane rømer frå selskapet, og vi får mindre volum på anlegga. Har vi igjen for kostnaden med å vere marknadsregulator? Høyrer at konkurrent nektar å hente vêrar, og då vert dei levert Nortura.</li> <li>• Dersom all pølseproduksjon vert lagt til eit anlegg, kva då med risikoen viss det skjer eit e-coli utbrot, brann, el.l.?</li> <li>• Coop sitt pålegg har like pakningar som Gilde sitt. Det same har skjedd på kjøttdeigen. Har vi noka mogelegheit for patent el.l, for forbrukarane tek ofte feil. Er berre hos Coop, ikkje slik med Nordfjord Kjøtt sine pakningar.</li> <li>• Korleis få dei rette produsentane? Har for mykje smågris, treng fleire slaktegrisprodusentar for betre varetraum.</li> <li>• Vi har forbrukarmakt, også vi som eigarar av Nortura, når vi går i butikken. Viktig kommunikasjon til forbrukar at vi også må ete høne når vi et egg, og ete sau når vi et lam.</li> </ul> <p>Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
3	<p><b>Økonomi- og driftsorientering</b></p> <p>Olav Håkon Ulfnes orienterte om resultat pr august, utvikling i underliggende EBITDA mot fjoråret, resultat 2. tertial, hovudtrekk 2. tertial, betydeleg betring i svinnekostnader, råvarelagerutvikling pr august, utvikling i datterselskap, kapitalutvikling, kvantumsutvikling i sluttmarknaden pr august, daglegvaresal pr august, daglegvaresal i juli og august og merkevarene sin verdiandel. Vidare om lammesesongen og slakting og reguleringslagring av lam pr veke 42. Totalmarknad: Sals- og produksjonsprognose for 2020, engrossal i kg raudt kjøtt pr innbyggjar, situasjonen for storfekjøtt, lam, egg og fjørfekjøtt.</p>

	<p><u>Spørsmål/kommentarer</u> frå fylgjande: Mette Karlgård, Morten Stefan Berg, Geir Brede, Steinar Lium, Lars Oddbjørn Størset, Odd Erik Rødde og Jan Hoem.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prognosen seier underskot på sau og lam. Er det berre lam, eller både sau og lam?</li> <li>• Tap i datterselskapet Telespor. Korleis er framtida for Telespor sin teknologi, opp mot Nofence?</li> <li>• Norfersk og EMV, kva er skilnaden?</li> <li>• Hittil i år er storfeprisen til produsent seinka voldsomt. Når vi samanliknar tertialrapport for i år mot i fjor, må vi ta omsyn til redusert produsentpris.</li> <li>• Kvar har det vorte av det reduserte kvantumet i sal? Skuldast tap av leverandørar?</li> <li>• Godt å sjå at det er betring i resultatet. Honnør til styreleiar som åttvara tidleg om balanse i storfekjøtmarknaden. Konflikt mellom Nortura og utbyggjar av Nortura Hærland, kva er status?</li> </ul> <p>Olav Håkon og Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak: Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</b></p>
<p><b>4</b></p>	<p><b>Presentasjon av ny konsernsjef</b></p> <p>Anne Marit Panengstuen orienterte om si utdanning og erfaring frå Siemens, Nortura sine utfordringar og moelegheiter, og kva som vil vere viktig framover.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarer</u> frå fylgjande: Morten Stefan Berg, Lars Størset, Jørgen Rønning, Mette Karlgård og Lars Morten Rosmo.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forventar kvalitet på produkta våre. Dei ordinære kjøtkakene er ikkje så god som det som heiter Ordentlig kjøttkake, må satsast meir på kvalitetsvarene.</li> <li>• Korleis ser du for deg at vi som eigarar skal vere med i strategiarbeidet? Dette forumet kan brukast i ein slik prosess.</li> <li>• Får 70 øre pr kg for slakt av sau. Fårefrikasse har ikkje fått sal i kjedene. Må vere samsvar mellom pris til produsent og forbrukar, er ikkje mykje betalingsvilje hos forbrukar.</li> <li>• Var det kebaburger som vart produsert til programmet Matsjokket? Den vart produsert til grilling saman med Sau og Geit, og var svært populær.</li> <li>• Innovasjon: Korleis ser du for deg organisering av det arbeidet?</li> </ul> <p>Anne Marit, Trine og Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>5</b></p>	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt</b></p> <p>Trine orienterte om kva som er dagens situasjon for inntransport, styret sine vedtatte mål for inntransport, korleis målet skal nåast og valgte måtar å organisere inntransport på.</p> <p>Hans Thorn Wittussen orienterte om vegen etter styrevedtaket, kvifor etablere Notra og kva er Notra, aksjeeigarboka for Notra, aksjonæravtale for utbytte, status og val av modell i ulike regionar, for Midt-Norge valgt inntransport gjennom det deleigde selskapet Notra, kvifor ikkje anbod i Midt-Norge og status i dag med detaljer om vidare struktur. Kvifor greier vi ikkje å overbevise alle eigarane om at det er lurt å spare pengar også på dette området.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarer</u> frå fylgjande: Morten Stefan Berg, Erik Kalstad, Steinar Lium, Lars Størset, Sverre Tyldum, Fridtjov Skjerve, Ole Tessem, Jørgen Baumfelder, Mette Karlgård, Tilde Sæther, Per Hindseth, Finn Roger Trodal, Even Landrø, Arnt Ove Løvås og Jan Vollan.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi som sit her representerer bøndene. Ein bonde sa til meg, at det einaste som har fungert i Nortura er dyrebilsjåføren, han ordnar opp. Mange føler det sånn. Er vi sikker på at vi får med oss nok sjåførar når dette vert sett i verk? Får eit kjempeproblem dersom vi misser erfarne sjåførar som kan å handtere dyr. Noko må gjerast med overkapasitet, men det finnast mange vegar til Rom. Betre med små selskap med tett eigarskap, som kjenner</li> </ul>

ansvar for jobben sin. Kor mange eigarar kan vi misse før vinninga kor opp i spinninga? Kvifor same styret for Notra som Malvik vasketerminal?

- Føler de er stolt over prosessen. Veit de korleis firmaene fekk tilbod om avtale? Mail på torsdag kveld med krav om raskt svar fredag. Så stoppar styreleiar prosessen. Skal Nortura opptre slik?
- På årsmøtet i vår vart det sagt at vi ynskjer å ha med oss sjåførane, evt i Notra. Seiest det er vanskeleg å få sjåførane til å samarbeide, men det er ikkje sjåførane si skuld. Har spurt 5 selskap om dei hadde fått konkret spm om samanslåing og anbod, det hadde ingen. Ingen benektar behov for nytt materiell. Transportørar har spurt om nytt materiell, samanslåing, gassbilar, men fått nei. Snakkast om 30 øre innsparing, er lavhengende frukt. Er sagt det er Nortura sitt datterselskap, men det er også Litra sitt datterselskap, som skal verte einige og dele overskotet.
- Årsak til konflikt med transportselskapa er at eit selskap har fått kjøpe materiell.
- Har blitt fortalt av dagleg leiar i Notra eit tal for innsparing, men ser no at det er endra. Har blitt fortalt at Notra er no profit-selskap, men no står det at selskapet skal utbetale utbytte. Notra sitt val av underleverandørar er basert på ei kalkyle, og andel innleigd endrar seg.
- Styreleiar i Litra har fortid i Nortura, som er kostbar. På Innherred har vi dei siste åra vore van til ulike dyrebilfirma, utan skilnad. Rasjonell transport med god utbetaling er etterspurt, og aukar Nortura si konkurransekraft.
- Har tidlegare vore sagt at styreleiar i Notra skulle Nortura ha, men sagt no at den kan alternere, kva er rett?
- Er Kai Linnes styreleiar i Notra? Spm om korleis samarbeidet med Litra kan verte så bra, utan anbod. Nortura og Litra er store selskap, men dyrebilselskapa er små selskap.
- Arntsen har fått lov til å posisjonere seg. Det skjer ting, håpar vi kan stole på dykk. Må ha skikkelege og ordentlege prosessar.
- Questback med info og nøye formulerte spørsmål kan nyttast. Uklokt å omtale forhold til samarbeidspartnarar som støy.
- Skal no fø på eit styre i Notra, dagleg leiar, to kontaktpersonar. Treng vi så mange til å hjelpe oss, er voldsom administrasjon?
- Fyrst i dag har eg forstått at Notra er etablert for at Nortura vil ha hand om inntransporten.
- Likar ikkje støyen rundt inntransport. Kva kostar denne omlegginga? Når det no vert skrive avtalar, må fleire gjennomgå den. Kor langvarige er dei? Må vere oppseielege avtalar.
- Er det ingen kontrakt mellom Nortura og Litra om Notra? Heilt likegyldig kva for ein sjåfør som kjem på garden. Rimelegast mogeleg inntransport er målet for Nortura. Må ha trua på det som vert sagt. Har spurt kva som er suksesshistoria med Notra. Har ein dårleg følelse, er dette godt gjennomtenkt?
- Håpar vi lukkast, 30 øre eller meir er mykje for oss eigarane. Saknar god forretningsplan, som vi eigarane kan ha trua på. Ikkje noko konkret om investeringsbehov, faste kostnader og administrasjon.
- Kvifor er styret i Notra sett saman slik, med same styret som Malvik vasketerminal? Og kven er i styret i Litra?
- Mykje som er uryddig med Notra. Er det sunt med så nært forhold til Litra, som ikkje har erfaring med transport av dyr?
- På kylling vart valgt modell med noko innleigd og noko eigd sjølv, innført for nokre år sidan. Transportørane ville i den prosessen då påverke meg. De er no talspersonar for transportørane, ikkje for eigarane.
- Vert aksjonæravtalen med Litra endra?
- Dette handlar om tillit pga kommunikasjon. Vore sagt ein ting, og gjort ein annan ting. I min krets høg marknadsandel pga sjåføren. Utfordring for meg å kome heimatt å fortelje at min transportør ikkje skal fortsette, mange seier dei vert med fram til juli 2021, så går dei til konkurrent. Kven skal betale rekninga dersom vi mislukkast?

- Vore godt å kunne forklare at ein transportør ikkje vart valgt pga at det vart for kostbart, men er vi der?

Steinar Lium la fram fylgjande forslag til vedtak:

«Forslag til vedtak i RU fra kretsene:

*Sentrale Namdal, Namsos/Fosnes, Osen/Namdalseid/Flatanger, Inderøy, Trondheim/Melhus/Skaun/Klæbu/Malvik, Midt, Porten mot havet, Åffjord/Roan, Ørland/Bjugn, Fosen Sør, Smøla/Aure, Indre Nordmøre, Nesset/Tingvoll/Sunndal, Hustadvika og Molde/Kristiansund/Midsund/Aukra/Gjemnes.*

*Ut ifra prosessen vedrørende ny inntransportordning er vi svært misfornøyde med at det ikke er satt ut på anbud.*

*Vi krever derfor at samarbeidet med Notra settes på vent, og at inntransporten settes ut på anbud.*

*Vi er usikre på om innsparingspotensialet er utnytta bra nok i den valgte modellen som er valgt uten i det hele tatt å ha lagt inntransporten ut på anbud.*

*Vi viser til Notras tapte anbudsprosesser i Valdres og Hallingdalen.*

*Vi viser til daværende konsernsjef Hans Thorn Witussens tale til årsmøtet i år, hvor han uttaler at dagens inntransportelskaper skal stå først i køen hvis de velger å være med videre. Siden konsernsjefens ordre ikke er fulgt opp så krever vi at prosjektet stoppes, og at nåværende transportører og andre interesserte gis anledning til å legge inn anbud.*

*Våre inntransportelskaper og sjåførere harv usedvanlig høy grad av fornøyde Nortura eiere. Dyrebilene er det viktigste møtepunktet mellom eiere og Nortura, og vi føler at denne prosessen ikke er forankra i Norturas eiere i det hele tatt.*

*For oss som tillitsvalgte så føler vi at det er vår plikt å reagere, og anbefaler på det sterkeste å se på en løsning me danbud, slik som det er gjort i andre områder av selskapet vårt.»*

Lars Morten la fram fylgjande forslag til vedtak frå AU:

*«RU Midt hadde primært ønsket at organisering av ny inntransportordning ble gjennomført med en tilbudsprosess åpent for alle selskap. RU Midt er usikre på om innsparingspotensialet blir utnytta bra nok i den valgte modellen og vil be konsernstyret følge prosessen tett, slik at vi når de målene som er satt for ei ny inntransportordning.*

*RU ber om at styret og konsernledelsen sørger for at prosessen med ny inntransportordning skjer på en ryddig måte slik at alle selskap får en reell mulighet til å levere tilbud. Og at styret om nødvendig vurderer ei anna organisering av inntransporten i Midt Norge.*

*Vi vedlegger forslag fra kretsene Ørland og Bjugn, Åffjord og Roan, Fosen Sør, Indre Nordmøre, Smøla og Aure og Inderøy.»*

Spørsmål/kommentarer frå fylgjande: Jørgen Baumfelder, Lars Størset, Tormod Bergum, Sverre Tyldum, Ole Wegard Iversen, Tilde Sæther og Finn Roger Trodal.

- Kan ikkje stemme for eit forslag med både å halde fram prosessen, samtidig med krav om stopp?
- Fleire kretsar har vore med å jobbe fram forslaget.
- Kan vi ta avstemminga under open post i morgon, for betenkningstid?
- Det er no skrivne nokre intensjonsavtalar, som ikkje er bindande?
- Føler dette er vanskeleg prosess.
- Dette vedtaket er dokumentasjon på at eg har påverka prosessen.
- Risikerer vi at vedtaket forstyrrer prosessen og gjer den meir uryddig?
- Er redd vi forhastar oss.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Som ein av dei som har vore med å utarbeidd kretane sitt forslag, så håpar eg på at det vert stemt for AU sitt forslag.</li> <li>• Ynskjer at alle selskapa skal ha reell mogelegheit til å kome med i prosessen.</li> </ul> <p>Trine, Hans Thorn og Lars Morten kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak: AU sitt forslag vart samrøystes vedtatt.</b></p>
7	<p><b>Separate møter for kvart dyreslag</b> Saka gjekk ut.</p>
6	<p><b>Høyringa «Effektiv og rasjonell samandling bonde i Nortura»</b> Brit Kari presenterte ei oppsummering av høyringssvara frå kretsane. I alt 20 av 25 kretsar hadde svart på høyringa, noko som gjev ein svarprosent på 80 %.</p> <p>Olav Håkon ynskte innspel på om vegen vidare.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jørgen Baumfelder, Even Landrø, Morten Stefan Berg, Mette Karlgård, Geir Brede, Lars Størset, Ingrun Sivertsen, Arnodd Kjenstadbakk, Jørgen Rønning, Anders Røflo, Bård Tore Berntsen, Johan Kristian Daling, Ragnar Valstad og Finn Roger Trodal.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tidlegare fekk kretsleiar beskjed om nybrukarar, og reiste på besøk med kjeledress. Dette fungerer ikkje i dag, med rådgjevarar som ikkje har tid til å besøke nybrukarane.</li> <li>• Setje krav til dei som reiser rundt og drikker kaffi, kan då rekne ei inntekt med auka tilførsel.</li> <li>• Har folk tid til å ta imot besøk? Finne på noko sosialt/show på fredag/laurdag, med fagleg i forkant? Det som fungerte før, fungerer ikkje i dag.</li> <li>• Viktig med info og fag til lammeringar, med nokon frå Nortura. Må vere noko å hente på å møte. Ha fagleg info på kvart dyreslag.</li> <li>• Jobba med sal før, då var eit besøk nok, deretter «halde varm» med telefonkontakt. Greitt å ha nokon i Nortura du kjenner, som du har eit forhold til, tilsvarande som i Felleskjøpet.</li> <li>• Vi må få til eit lag, info så vi føler at vi er med på eit vinnarlag. Ein telefon er nok til at ein får ein relasjon. Kan vi få meir plass til info i Bondebladet?</li> <li>• Har arrangert nybrukarmøte i kretsen, mykje arbeid med oppfølging, men gode tilbagemeldingar. Utfordre Arnodd på erfaringane med nybrukarmøter.</li> <li>• Viktig med nybrukarmøter for relasjonsbygging. Alle nybrukarar vert oppringt, med tilbod om besøk, men ikkje alle ynskjer det.</li> <li>• Lagbygging viktig, er stolt av Nortura kjeledressen min. Lurt å bruke pengar på profilering. Lokke folk med profileringskle i oppmøtegåve.</li> <li>• Medlemssenteret: Ringte to gonger måndag, hamna andre plassar og måtte setjast over til Malvik. 7-vekers avtale er for langt perspektiv, passeleg med 5 veker for utnytting av fjøs.</li> <li>• Innføre 5-vekers avtale, med betre betalt for 7-vekers avtalen.</li> <li>• På småfe viktig med opplæring og oppfølging av lammeringsleiarar.</li> <li>• Får eit hefte med sesonginfo, der det vert sagt at lammeringsleiarane har eit regelverk, men har ikkje klart å finne det.</li> <li>• Mange gode forslag, som vi vil respondere raskt på dersom det vert lagt inn nokre få kroner i stimuli, t.d. at vi får nokre ører for å bestille kraftfôr på nett. Belønning betre enn straff.</li> <li>• Lammeringane vert no invitert i tur og orden til Malvik for fagleg opplegg. For lammeringsleiar viktig med kommunikasjon og informasjon, men ingen mal. Kunne hatt meir konkret retningslinje. Evalueringsmøte kvart år i lammeringen?</li> <li>• Viktig at vi får prate med folk på Medlemssenteret på Malvik, ikkje nokon annan plass i landet. Ringer oftast om konkrete ting, som dei på Malvik må hjelpe meg med.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Profilbygging er viktig, skape stoltheit med profileringskle.</li> <li>• Kommunikasjon: Jobbar på landbrukskontoret, sender mail, men alle les ikkje mail kvar dag. Må bruke SMS i tillegg viss noko hastar.</li> <li>• Har ringt Medlemssenetert 4 gonger, får ikkje prate med nokon på Malvik. Har bedt om å få med eit ekstra dyr, men får ikkje tilbakemelding, berre tilfeldig oppdaga på Min Side.</li> <li>• Kva med ein Nortura app, for å sleppe å logge inn og knote.</li> </ul> <p>Olav Håkon oppsummerte at personleg kontakt er viktig, belønning for rasjonalitet framfor straff, samt fokus på digitale løysingar.</p> <p><b>Vedtak: Innspela frå Regionutvalet oversendast styret.</b></p>
<p><b>9</b></p>	<p><b>Tema: Dyrevelferd ¶ frå verdas beste til tillitskrise. Kvar går vegen vidare?</b></p> <p>Ingrid Melkild orienterte om Nortura trygg mat og samfunnsansvar, kva er dyrevelferd, korleis oppnå god dyrevelferd, fram til nyleg har myndigheitene sine krav og oppfølging vore oppfatta som garantist for god norsk dyrevelferd, ulike tilnærmingar til handtering av dyrevelferd, dyrevelferd og tillit: noko er i ferd med å skje, ete mindre/kutte ut kjøt har vorte nytt fokus, dyrevelferd er eit bevegeleg mål og krav og forventningar til dyrevelferd. Kva gjer vi i Nortura for å sikre at produkta vi sel kjem frå dyr som har hatt det bra. Roller og ansvar. Rutiner for å fange og fylgje opp besetningar med dyrevelferdsavvik. Dyrevelferdsprogram.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Finn Roger Trodal, Tilde Sæther, Olav Håkon Ulfsnes, Even Landrø, Jørgen Baumfelder og Lars Størset.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dersom kua går ute på beite, slepp ho ut meir metan. Det er slik sett betre at ho er inne og et soyakraftfôr. Dyrevelferd og klima vert motsetningsforhold.</li> <li>• Vi må snakke om dyrevelferd for dyra sin eigenverdi. Skittrekk på storfe skulle vore ganga med 10, er i dag ein hån mot dyret. Premiering for reine dyr? I KSL eit mål at alle skal ha 3 avvik, for at vi skal ha noko å strekke oss etter. Men ser ikkje bra ut når VG fokuserer på alle avvika næringa har.</li> <li>• Korleis kommuniserer vi dette til alle våre eigarar?</li> <li>• Godt foredrag og viktig tema. Besetningsveterinæren min har ikkje så mange svinebesetningar, og har ikkje så mykje fagleg grunnlag på dyrevelferd. Saknar at dei som skal kontrollere oss får fagleg påfyll på dyrevelferd.</li> <li>• Korleis skal vi forklare forbrukarar at Nortura sel varer som nesten har gått ut på dato, tint og vert pakka om?</li> <li>• Bekymra for at vi menneskeleggjer dyr. Artikkel på forskning.no publisert med fokus på kalv saman med ku. Kan oppfatast feil av forbrukar også i ammekuproduksjonen når kalven vert tatt frå kua.</li> </ul> <p>Ingrid kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>10</b></p>	<p><b>Eierløftet</b></p> <p>Andreas Våge orienterte om at vi er i ein ny situasjon og må gjere berekraftige val og dokumentere, kva er Eierløftet og at dyrevelferdsprogrammet i svinenæringa skal inn i Eierløftet.</p> <p>Andreas presenterte fylgjande gruppeoppgåver:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kva tenker du om det som har vorte presentert?</li> <li>2. Kva tenker du vert viktig i det vidare arbeidet?</li> <li>3. Ser du andre område der denne tankegangen hadde vore interessant?</li> </ol> <p>Regionutvalet vart inndelt i grupper. Tilbakemeldingar frå gruppene:</p> <p>Spørsmål 1: Kva tenker du om det som har vorte presentert?</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Positivt, dette er framtida. Vi må dokumentere overfor forbrukar. Må vere lettvinnt og brukarvenleg.</li> <li>• Bra hjelpemiddel. Må vere enkelt. Ynskjer notatfunksjon som info til annan røktar, pop-up om medisinerbehandling, spørsmåla må inngå i KSL-revisjonen med notatfunksjon, superbrukarar og avløyssarbrukarar.</li> <li>• Kjempebra utgangspunkt. Oppfølging sjuke dyr må kunne loggførast, må fungere i kvardagen.</li> <li>• Må «snakke» med andre system</li> <li>• Kor fort kan dette vere på plass?</li> <li>• Genialt i teorien, men kva med overvåking? Dei som ikkje vil delta av prinsipielle årsaker? Verkemiddel for å delta?</li> </ul> <p>Spørsmål 2: Kva tenker du vert viktig i det vidare arbeidet?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Datasikkerheit, eigarskap til infoen. Bilete av sjuke dyr kan brukast mot oss. Må ha framdrift i prosjektet, ikkje bruke for lang tid så teknologien vert gammaldags.</li> <li>• Eigarskap til info, må ikkje misbrukast av andre krefter.</li> <li>• Bra viss det erstattar dagens instansar som skal rapporterast til. Greitt at Nortura er i forkant. Notatfunksjon til andre røktarar, utan rapportering vidare.</li> <li>• Lett tilgjengeleg, få tastetrykk. Snakke med andre system som KSL. Ha testgrupper i forkant for å luke ut feil. Tilgang for avløyssar for registrering, men heller ikkje tilgang til all info.</li> <li>• Kyllingprodusentane har erfaring som må takast med. Fungere utan mobildekning.</li> <li>• Fjøs-pad? Alle organisasjonane har app, kan dette samordnast?</li> <li>• Ha fokus på dyrevelferd, håplautt viss alt skal samlast i ein app.</li> </ul> <p>Spørsmål 3: Ser du andre område der denne tankegangen hadde vore interessant?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunikasjon begge vegar, info til brukar. Kor mange i salen er totalt imot det som vert snakka om her?</li> <li>• Mattilsynet vil sjekke alle leveransar til slakteri, og fylgje opp anmerkingar.</li> <li>• Sjuke dyr og avklaring om levering □ vanskeleg å avklare på tlf kor halt eit dyr er. Film for vurdering kan lette det. Kontakt mot rådgjevarane: dersom ein produsent ikkje har meldt inn dyr på ei stund, kan rådgjevar få varsel om det.</li> <li>• Er det andre land som har tenkt dette før, som vi kan hente idear og erfaring frå?</li> </ul> <p>Andreas kommenterte.</p>
11	<p><b>Lokale saker/open post</b></p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Olav Sterten, Morten Stefan Berg, Ole Wegard Iversen, Erik Kalstad, Tormod Bergum, Fridtjov Skjerve og Mette Karlgård.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Spørsmål om vi har tilgang til Angusavtale, og vilkår for den. Ynskjer kortare responstid for nødslakt, kunne hatt base på Malvik. Positivt også for opplæring av materiell. Og så må storfepreisen opp.</li> <li>• Nødslaktar vil gjerne at det vert varsla om nødslakt så tidleg som råd, i påvente av veterinærattest, for disponering av dagen.</li> <li>• Har no fått Eigarbrev med info om inntransportprosjektet. Dette er ikkje i tråd med vedtaket som vart gjort i går, for det som står er at prosessen rullar og går. Kva var då hensikta med vedtaket vi gjorde i går, om at styret skal fylgje opp prosessen?</li> <li>• Eigarbrevet er provoserande, ignorerer det vi prøver å få til med openheit og ærlegheit. Det vert sagt ein ting og så gjerast noko anna. Eigarbrevet skulle vi ha venta med. Sende vedlegg til Eigarbrevet om at prosessen vert sett på vent til styret har sett på det?</li> <li>• Håpar vi har ei læringskurve no, med kva som triggjar eigarane og fører til støy. At vi vert høyrte og tatt hensyn til. Inntransport og klassifisering storfe er eksempel.</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Står på markedssidene i Bondebladet at det er etterspurnad i marknaden etter gris, og at vi har stort reguleringslager, men vert ikkje tatt ut pga kapasitet for tining.</li> <li>• Kvifor vert same romet nytta til tining og innfrysing?</li> </ul> <p>Arnodd, Roy, Lars Morten og Olav Håkon kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>12</b></p>	<p><b>Arbeidet i kretsane</b></p> <p>Brit Kari orienterte om at det hadde vore få innspel til høyringa av aktivitetsplanen 2020. Det er fortsatt mogleg med innspel. Viktig å få ynskje om fagaktivitet i god tid, for disponering av ressursar.</p> <p>Kåring av Årets mest aktive kretsutval har pågått i region Nord og Midt, med prisutdeling på RU-møtet om hausten. No vert det kåring i alle 6 regionar på våren, med AU som jury. Premiering på RU-møtet på våren, der vinnarane går til nasjonal finale, med premiering på årsmøtet. Det vert også regionvis kåring av Årets tillitsvald, med AU som jury. Også her premiering på RU-møtet på våren, med nasjonal finale, og premiering på årsmøtet. Det vert opna for nominasjon frå januar.</p> <p>Vidare vart kretsmøteplanen lagt fram. Brit Kari ynskte innspel på kva som er suksesskriteria for gode kretsmøter.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bård Tore Berntsen og Ragnar Valstad</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmøtegåve, som t.d. kjeledress, vil trekke folk og skape stoltheit til Nortura</li> <li>• Tema dyrevelferd er interessant. Går an å ha felles kretsmøte og invitere til seg fagpersonar.</li> </ul> <p>Brit Kari kommenterte.</p>
<p><b>13</b></p>	<p><b>Orientering frå sentral valkomité</b></p> <p>Sigurd Høyland orienterte om at alle som er på val har fått førespurnad om dei stiller seg til disposisjon. Dei som er på val i 2020 vart presentert. Ynskjer innspel til valkomitéen.</p> <p>Steinar Lium frå regionutvalet sin valkomité presenterte valkomitéen. Dei ynskjer også innspel til sitt arbeid.</p> <p>Ingen spørsmål/kommentarar.</p>
<p><b>14</b></p>	<p><b>Tema: Marknad og marknadskunnskap</b></p> <p>Harald Bjercknes orienterte om kundefokusert organisasjon, fokus på sal av heile dyret ferskt ein gong, negativt fokus på kjøt, NRK Brennpunkt-filmen, reklamekampanje i etterkant, alle dyr skal ha det bra og kva gjer vi i Nortura for å sikre at svinekjøtet vil sel har hatt det bra. Vidare at vi tek bærekraft på alvor, Norge sine samla klimagassutslepp, klimagass frå jordbruket, den norske klimakua og stort potensiale for å redusere klimabelastninga. Felles prosjekt «Nye Prior kylling». Griseløftet 2.0. Berekraftig utvikling på plast, og jobbar mot papiremballasje. Grensehandelen aukar. Våre 7 mål for det grønne skiftet. Høg kompleksitet i logistikk, skal ha berekraftig distribusjon. Halverer sortimentet. Frå bakk til papp. Daglegvarekjedene sine marknadsandelar. Kraftig løft med God &amp; Mager til Norgesgruppen. Samarbeidet med Coop, vesentleg betring i 2019. Moglegheiter i Rema. Leverandørbyte på egg. Kjøtt &amp; Grønt-produkt. Nylanseringar på nyåret. Mormerkestrategi. Gilde har ein unik merkepreferanse.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Tilde Sæther og Mette Karlgård.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis vert reduksjonen i klimabelastning berekna?</li> <li>• Har kjøpt 2 for 1 pakk med 300 g kjøtdeig, det vert mykje plastemballasje. Jobbast med emballasje i Allskog.</li> </ul>

	Harald Bjerknes kommenterte og svarte på spørsmåla.
--	---

Lars Morten Rosmo  
(sign.)

Ivar Wang  
(sign.)

Trine Reinfjell Engdal  
(sign.)